
Fra: Liv Tystad <Liv.Tystad@lottstift.no>
Sendt: 24. mars 2020 20:04
Til: Postmottak NFD
Kopi: Bolstad Marit Elisabeth
Emne: Høyringsinnspel til forslag til forskrift om unntak frå reglane om fysisk møte mv. i stiftelseslova

Vi viser til høyringsbrev av i går i høve ovannemnde forslag til forskrift.

Stiftelsestilsynet stiller seg undrande til føresetnaden for forslaget til forskrift, nemleg at stiftelseslova § 31 kan tolkast slik at den oppstiller eit absolutt krav om handsaming av saker i fysiske møter, slik at koronasituasjonen gjer det nødvendig med ei unntaksforskrift. Dersom styreleiar meiner anna handsaming er «betryggende», og verken styremedlemmer eller dagleg leiar har innvendingar til dette opnar gjeldande lov for slik handsaming som forslaget til forskrift viser til. Slik vi forstår gjeldande lova, kan styresaker handsamast i telefon- og videomøter, og om det vert vurdert som forsvarleg til og med «forelegges» styremedlemmane skriftleg. Tryggleiksventilen i høve til ei feilvurdering hos styreleiar om kva som er ein forsvarleg måte å styrehandsame ei sak på, ligg i at styremedlemmene og dagleg leiar kan krevje møtehandsaming, jf. stiftelseslova § 31 tredje ledd andre punktum.

Styret i ein stiftelse er eit kollektivt organ der alle styremedlemmer har same rettar og plikter. Ut frå det som er sagt i førre avsnitt synest forslaget i forskrifta § 3 å gjev styreleiar for stor makt, idet den fjernar den viktig tryggleiksventilen, utan at det vert stilt krav om at det er nødvendig å få handsama saka medan koronasituasjonen ligg føre. Det er viktig at denne nye maktposisjonen til styreleiar ikkje vert misbrukt, slik at vanskelege og kontroversielle saker vert underlagt uforsvarleg sakshandsaming fordi styreleiar åleine vurderer at det er «betryggende».

Dersom departementet finn det nødvendig å kome med ei slik forskrift, er det viktig at det vert presisert at styreleiarar rett til å åleine «beslutte» korleis sakshandsaminga skal gjennomførast, berre skal gjelde saker som eit fleirtal i styret meiner det er uforsvarleg for stiftelsen å utsetje til situasjonen har normalisert seg.

Med helsing

Liv Tystad
seniorrådgjevar jurist Stiftelsestilsynet

Tlf:57 82 80 58
Mobil:48124117
E-post: Liv.Tystad@lottstift.no

